

**Mykje hjort på bakkane.**

08.05.2013



**Endeleg er dei gode vårtemperaturane på tur, og vi gleder oss over at det har byrja å grønkast. At det har byrja å spire og gro på bakkane, er det fleire enn oss som set pris på. Siste kveldane har det vorte observert uvanleg mykje hjort som har trekt ned for beite på dyrka mark.**

Vi kan ikkje unngå å leggje merke til store flokkar av desse vakre dyra når vi ferdast langs vegane. Bildet ovanfor vart teke på Rød i går kveld der 8 dyr gjekk roleg og beita. Sjølv om dei gjekk like ved hovudvegen, ensa dei ikkje at bilar stoppa og tok bilde.

Elles var det fleire flokkar å sjå både i Uskedalen og i nabobygdene. På ein liten biltur såg eg største flokken på eit jorde i Omvikjo. Eg talde til 19 dyr, men det reelle talet var nok over 25. Når omfanget vert så stort, seier det seg sjølv at dyra gjer eit stort innhogg i avlingane til stor skade for bøndene.

Tekst/mobilfoto: Thor Inge Døssland